

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.11.2019
SAKSHANDSAMAR: Kjell Inge Solhaug
SAKA GJELD: **Nye Førde sjukehus - kvartalsrapportering**

ARKIVSAK: 2018/4364
STYRESAK: **090/2019**

STYREMØTE: **22.11.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerande direktør si rapportering for Nye Førde sjukehus til vitende.

Oppsummering

Delprosjekt for psykisk helsevern ligg ni dagar bak framdrift, men vi er i rute med økonomi og kvalitet.

Tilbodsinnhenting for nybygg somatikk (Livabygget) og dei etterfølgjande delprosjekta er gjennomført i samsvar med framdriftsplan, men forhandlingsprosessen har teke noko ekstra tid.

Økonomien i prosjektet Nye Førde sjukehus er i samsvar med budsjetta som er etablerte, og det er ikkje grunnlag for å endre prognosar.

Endringar i høve til forprosjektet er under utgreiing, og prosjektet planlegg å legge dette fram som styresak i januar 2020.

Fakta

Delprosjekt Dagabygget (nybygg psykisk helsevern)

Entreprenør har hatt god drift på reising av råbygg, og prosjektet blir rapportert til å ligge ni dagar bak på framdrift. Totalentreprenør har mål om å hente inn i att desse dagane i råbyggfasen. Prosjektet har hatt ein mindre personskade, og omtale av dette er teke inn under kapittel for HMS.

Anskaffing av entreprenør for Livabygget (nybygg somatikk)

Tilbudsfrist gjekk ut 16. september, og vi fekk to tilbod. Dei to var Veidekke AS og Åsen & Øvrelid AS. Begge har levert gyldige tilbod, og evaluering med intervjurunde er gjennomført. Det er òg gjennomført forhandlingsrunde med avklaringar. Innstilling til val av entreprenør vil bli lagt fram i styremøte 22. november.

Arbeid med kontrahering og planlegging av oppstart saman med entreprenør, vil starte straks etter styremøtet. Signering av kontrakt vil ikkje kunne skje før karenstida på ti dagar er avslutta.

Endringar i høve til forprosjekt

I arbeidet med å leite etter aktuelle løysingar på areal og kostnadsutfordringar har det dukka opp eit alternativ med å bygge fleire nye sengeetasjar i Livabygget. Dette alternativet står fram no som funksjonsmessig svært godt. Ei innleiande kostnadsvurdering viser at dette kan vere mogeleg innanfor gjeldande investeringsramme.

Alternativet medfører mange moglege positive endringar for drifta vår. I ei heildagssamling 1. november vart det gjennomført ein omfattande idédugnad for å kartlegge kva alternativet kan gje oss. Samlinga vart gjennomført i regi av medisinsk- og kirurgisk klinikk, og over 70 personar med god kunnskap om drifta ved sjukehuset deltok.

Alternativet med nye sengeetasjar vil bli funksjonsmessig utgreidd og kvalitetssikra mot driftsorganisasjonen gjennom to møteseriar mellom arkitekt og definerte arbeidsgrupper. Den første møteserien vil skje før jul og den andre tidleg i januar. I tillegg vil det bli starta ein prosess med entreprenør som skal vere med å utarbeidet reviderte kostnadsmål for dei ulike delprosjekta i heilskapen for Nye Førde sjukehus.

Med ein verifisert og kvalitetssikra funksjonsvurdering og nye kostnadsmål utarbeidd saman med entreprenør, kan det på styremøtet i januar bli fremja ei sak om endring i høve til forprosjekt.

Det kan vere mogeleg å behalde det meste av forprosjektløysingar inne i eksisterande lågblokk utan endring. Det er likevel tydeleg at vi må nytte høvet til å betre funksjonane og innføre endringar som dette alternativet kan gi opning for. Optimalisering av lågblokka vil vere ei oppgåve vi for alvor må gripe fatt i når tida for oppstart av dette delprosjektet nærmar seg.

Når endringa i høve til forprosjekt er vedteken av styret, vil vi starte to prosessar saman med entreprenør:

- Kostnadskontroll av heilskap (detaljere og forplikte dei kostnadsmåla som er etablert)
- Samhandling for å få fram kontraktsgrunnlag for Livabygget (nybygg somatikk)

Kommentarar

Alternativet som det no blir jobba med, kan framstå som ei svært stor omvelting i høve til planane frå forprosjektet, men forenkla kan administrerande direktør oppsummere dette i nokre få punkt:

1. Vi flyttar planlagde sengepostar i dei tre øverste etasjane ut i nybygget
2. For å unngå å bygge om Angabygget (eksisterande bygg for psykisk helsevern) og få plass til våre behov for kontorareal må vi:
 - Nytte omlag ein etasje av dei frigjorde areala til poliklinikk
 - Nytte omlag to av dei frigjorde etasjane til kontor
3. Dette kan vi relativt enkelt vurdere og kalkulere på eit overordna nivå som endringar i høve til forprosjektet.
4. Eksisterande låglokk og høgblokk skal ikkje byggast om før om mange år, og vi vil ha god tid for å finne meir optimal funksjonsfordeling enn det enkle «arealbytet» som er skissert under punkt 1 og 2.

Vi vil i tida fram mot styremøtet i januar drøfte så mange sider som mogleg for å få fram det potensialet som ligg i alternativet med nye sengeetasjar.